

Landbrukstenester Sogn



Årets avløysar 2015

Kåre Kvamme – Landbruksvikar

Kåre Kvamme er utdanna agroteknikar og difor godt kvalifisert til jobben sin. Han har 18 år praksis som kommunal landbruksvikar og 7 år i Landbrukstenester Sogn. Det vil seie 25 år i arbeid hjå bøndene i Aurland, Lærdal, Årdal og Vik.

Ein landbruksvikar møter ulike mennesketypar og det er ofte utfordrande arbeidsoppgåver som skal løysast. Det kan i tillegg vere mange tunge tak i jordbruket. Men Kåre har god innsikt i arbeidet, er flink til å planlegge og innehar god arbeidsteknikk. Når han i tillegg er både blid og imøtekommande manglar han sjeldan oppdrag.

Kåre har ei sterk helse, er sprek og spenstig og sjeldan vekke frå arbeid.

Etter velmeinte råd frå arbeidsgjevar har han teke i bruk mjølkekrakk! Det lettar arbeidet og er bra for kne og rygg ☺.

Med helsing

Styret i Landbrukstenester Sogn

Aud Fossøy
dagleg leiar